

Protokoll
Styremøte nr. 8/2018
Norges Friidrettsforbund

Holmen Fjordhotel

9.november kl 18.00, fortsettelse 10.-11. november.

Tilstades: Ketil Tømmernes, Kalle Glomsaker, Ragnfrid Margrete, (deltok ikkje i behandling av sak 58), Nedberge LLano, Kari Ann Nygård, Geir Nordtømme, Anne Farseth, Henrik Carstens, Lill Berit Løyte Sjøsåsen, Mathias Vangsnes

Forfall: Svein Arne Hansen

Referent: Narve Heggheim

Fra sentraladministrasjonen: Narve Heggheim, Kjetil Hildeskor, Berit Nøbben (untatt sak 61), Erlend Slokvik, (sak 55,56,57,58,59,62)

Saksliste for styremøte 8-2018:

Sak 55/2018 Godkjenning av innkalling og protokoll frå forrige styremøte

Sak 56/2018 Orientering drift v/gensek og orientering frå kvart enkelt styremedlem

Sak 57/2018 Økonomi og regnskap

Sak 58/2018 Uttakskriterium 2019

Sak 59/2018 Status EM U-23 Bergen og ETC 2019 Sandnes

Sak 60/2018 Moderniseringsprosjektet

Sak 61/2018 Kretsstruktur framdrift

Sak 62/2018 Møteplan 2019

Sak 63/2018 Budsjett 2018

Sak 64/2018 Fastsettelse av lønn for generalsekretær

Sak 55/2018 Godkjenning av innkalling og protokoll frå forrige styremøte

Vedtak: Innkalling og protokoll vart godkjendt.

Sak 56/2018 Orientering drift v/gensek og orientering frå kvart enkelt styremedlem

Styremedlemmer og administrasjon orienterte om aktuelle saker innafør sitt område.

Vedtak: Orienteringa vart teken til etterretning

Sak 57/2018 Økonomi og regnskap

Regnskap og prognose vart presentert. Prognose pr. 31.10 viser eit overskot på kr 728.000,- mot eit budsjettert årsresultat i balanse.

Vedtak: Orienteringa vart teken til etterretning

Sak 58/2018 Uttakskriterium 2019

Toppidrettssjef presenterte uttakskriterium for mesterskap i 2019. Kriteria er behandla i toppidrettsutvalget før styrebehandling.

Vedtak: Uttakskriterium 2019 vart vedteke etter innstilling frå toppidrettsutvalget.

Sak 59/2018 Status EM U-23 Bergen og ETC 2019 Sandnes

Tildeling av U23 EM 2021 vart midlertidig utsett av EA med ny dato for tildeling 4. mars. Bergen er einaste søkjar og det er venta at EA tildeler mesterskapet til Norge og ein er i dialog om endeleg kontrakt. ETC i Sandnes 9-11. august er tildelt Norge og Sandnes IL er i gang med med organisering av arrangementet. Signering av endeleg avtale gjenstår men dette kjem på plass med det første.

Vedtak: Orienteringa vart teken til etterretning

Sak 60/2018 Moderniseringsprosjektet

Høyringdokument frå NIF vart gjennomgått og drøfta. Dokumentet er sendt ut til kretsane med oppmoding om å sende høyringsuttale til NFIF som vil ta innspela med som grunnlag i si høyringsuttale til NIF.

Vedtak: Orienteringa vart teken til etterretning. Administrasjonen utarbeider utkast til høyringsuttale som blir lagt fram for styret i neste styremøte og før endeleg innsending til NIF innan fastsett frist 9. desember.

Sak 61/2018 Kretsstruktur framdrift

Under høstmøtet vart prosessen med å vurdere framtidig kretsstruktur diskutert. Konklusjonen der var at styret skulle vedta ein milepelsplan for prosess og framdrift i dette styremøtet. Etter høstmøtet har NIF sendt ut ei høyring på moderniseringsprosjektet som også berører krets/regionsstrukturen i særforbunda. På bakgrunn av denne høringa drøfta styret sin eigen prosess på framtidig krets/regionsstruktur.

Vedtak: NFIF skal køyre sin eigen prosess på framtidig kretsstruktur som konkludert med på haustmøtet. På grunn av høyringsprosess i NIF utset styret fastsetting av milepelsplan for prosessen til neste styremøte. Endeleg milpelsplan med datoar for framdrift av prosessen vert sendt kretsane før 31. desember 2018.

Sak 62/2018 Møteplan 2019

Vedtak: Styret vedtok følgende møteplan der datoane fram til tinget er endelege, mens møtedatoar etter friidrettstinget vert endeleg fastsett av styret som blir valgt på tinget i mars 2019.

29. januar	Styremøte	Oslo/Gardermoen	16.00-20.00
28. februar	Styremøte	Oslo/Gardermoen	16.00-20.00
29. mars	Styremøte	Bergen	16.00-20.00
30.mars-31.mars	Friidrettstinget	Bergen	09.00-15.30
Resterende datoer er tentative og fastsettes av nytt styre:			
15. mai	Styremøte	Oslo/Gardermoen	16.00-20.00
27. juni	Styremøte	Oslo/Gardermoen	16.00-20.00
1-4.august	Styremøte (NM hovedmesterskapet 2-4.aug)	Hamar NM	15.00-17.30 09.00-12.00
9-11. august	Styresamling	ETCH Sandnes	
26.sept	Styremøte	Oslo/Gardermoen	17.30-20.20
27. sept	Styre/admseminar budsjett	Oslo/Gardermoen	09.00-15.30
28. sept	Høstmøte	Oslo/Gardermoen	09.00-15.30
24. okt	Styremøte	Oslo/Gardermoen	Fredag, laurdag, søndag Fred 17.00-20.00
15-17. nov	Styreseminar	Ukjent	Laurd 09.00-17.00 Sønd 09.00-13.00
6. des	Styremøte m/juleavslutn	Ukjent	16.00-20.00

Sak 63/2018 Budsjett 2018

Administrasjonen presenterte budsjettforslag som vart drøfta. Organisasjonen har som følgje av sportsleg suksess oppnådd ei positiv utvikling på inntektssida som gjer at ein kan auke budsjettet i forhold til det ein har hatt dei siste åra.

Vedtak: Styret vedtok budsjett for 2019 med ei inntektsramme på kr 46.410.000,- og ei utgiftsside på kr 48.320.000,- Med finansinntekter på kr 750.000,- gjev vedeteke budsjett eit årsresultat på kr -1.160.000,-

Sak 64/2018 Fastsettelse av lønn for generalsekretær

Administrasjonen forlet møterommet under behandling av denne saka.

Vedtak: Lønn til generalsekretær blir fastsett til kr 957.000,- med virkning frå 1. april 2018.

Møtet slutt søndag kl 11.30